

Styremøte 2022/7 i Norsk folkemusikklag

Møte på Zoom torsdag 5. mai kl. 19.00—21.00

Til stades: Bjørn Aksdal, Tom Willy Rustad, Sveinung Søyland Moen, Angun Sønnesyn Olsen og Andrea Kasbo Rygh (frå 20.00–21.00).

Sak 34/22 Korte meldingar

Tom Willy informerte om at Gudbrandsdalsmusea har fått støtte frå Kulturrådet til å få laga to nye cisterar etter modell av Amund Hansen sine instrument. Desse kjem til museet i løpet av mai.

Sak 35/22 Organiseringa av det styret

Ettersom styret mangla ein fast medlem, vart det vedtatt at Angun går inn som fast medlem i styret. Borghild Hardang-Hanto vert då første vara. Styret vedtok å vidareføra praksis med å kalla inn første vara fast til alle styremøta.

Sak 36/22 Musikk og tradisjon

Bjørn oppdaterte styret om status for arbeidet med skriftet.

Sak 37/22 Seminaret 2022

Styret vedtok å arrangera eit seminar om blåseinstrument i norsk folkemusikk på Ringve til hausten. Fram mot neste styremøte vil styremedlemmane tenka på aktuelle innleiarar, med mål om å kunna kontakta desse før sommarferien. Bjørn oppmoda òg styret om å senda ut innspel på e-post, slik at alle er best mogleg førebudde til neste møte.

Sak 38/22 Innkjøp av marknadsføringsmateriell

Styret ønskjer i første omgang å få kjøpt inn ein roll-up som kan brukast på stand for laget. Første høvet vert truleg Landskappleiken. Sveinung undersøker nærare og vil senda e-post til styret med forslag til innkjøp. Sveinung sit på ein del eksemplar av skriftet, men kjem ikkje til å køyra bil til kappleiken i år. Det vart difor vedtatt at det ikkje vert sal av skrift på denne standen, men berre vil visast fram nokre bla-eksemplar. Sveinung vil senda ny roll-up og nokre eksemplar av skriftet i posten til Andrea, slik at ho kan ta desse med til kappleiksstanden. Sveinung undersøker kostnadar til neste styremøte.

Sak 39/22 Føring av reiseregninger og styreinstruks

Sveinung presenterte eit utkast til reiserekningsskjema, som styret var positive til. Sveinung vil difor presentera eit endeleg utkast i neste styremøte.

Diskusjon rundt eventuell styreinstruks vart utsett til over sommaren.

Sak 40/22 Neste styremøte

Neste styremøte vert tysdag 7. juni kl. 20.00–21.00 på Zoom.